



GRILLHUSET PÅ LITLE ROMSA



ROMSA BEITES AV VILLSAU

ROMSA

Ei perle i Sunnhordland



FLYTEBRYGGJA I NAUSTVIKJO

Alle åtte bryggjene, to grillhus og naustet i Naustvikjo er til bruk for ålmenta. På gode sommardagar ligg det 50-60 båtar her. Rundt øygruppa er det høve til eit rikt og variert sportsfiske. På austre del av Store Romsa finn ein Noregs største naturreservat for kristtorn – Kristtornskogen. Romsa endra karakter då det meste av gran-skogen vart fjerna vinteren 1996-97. Hogstflatene veks no til med gras og lauvskog, og i samarbeid med Statskog og lokale bønder, er det sett ut villsau for å halda vegetasjonen nede.



HISTORIE

Romsaøyane har hatt busetnad lang tid attende. Opp gjennom tidene har det budd både lensmann og prest her. Opprinneleg var det eitt bruk, men frå 1840 var det ni sjølvstendige bruk. I 1865 var det busett 67 personar på Romsa. Frå 1923 til 1944 var Romsa eigen skulekrins, og hadde postopneri og anløp av rutebåt. Etter krigen vart øyane fråflytta og heile øygruppa vart kjøpt og lagt ut til forsøksfelt for skogsfrøavl. Store deler av Romsa vart då tilplanta med gran. Frøavsprosjektet viste seg å verta mislukka, og etter kvart oppgjeve. I 1991 vart det inngått ein samarbeidsavtale mellom staten, friluftsrådet og kommunen om kjøp og forvaltning av Romsa som friluftsområde. Statskog er grunneigar og forvaltar øyane som friluftsområde i nært samarbeid med Friluftsrådet. Fylkesmannen i Rogaland har ansvar for naturreservatet.

Du kan lese meir om dette i "Romsa - ei perle i Sunnhordland" Heftet får du på turistinformatjonen eller hjå Friluftsrådet VEST.

Martha - enkelt og greit - Uigitt 2008 - Alle foto: Karl Dommerstnes og Knut-Årild Sørensen



NAUSTVIKJO



GRINDANES

Foto: Friluft Fosse



IDYLLISKE TURSTIAR



VINJEHUSET



KYSTKULTURDAGAR



ROMSAØYANE SETT FRÅ BJOA



ROMSA FRILUFTSOMRÅDE

I 1990 vart heile øygruppa, Store Romsa, Litle Romsa og Todløy sikra som offentleg friluftsområde. Friluftsrådet har lagt tilrette med bryggjer, stiar, toalett, grillhus og grillplassar. Tiltaka er utford av Friluftsrådet, ofte i samarbeid med lokale organisasjonar, og finansierte med tilskot frå Statskog, Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Vindafjord Arbeidsgiverforum.

Bygninger og hustufter gjer øyane til ein spanande stad for unge og vaksne oppdagarar. Gamle ferdselsveggar er i dag gode turveggar og stiar. På Haukelandstunet står både våningshus, løy og eldhus.

I Ørevik står det siste av dei gamle nausta på Romsa, og i Naustvikjo har vi bygd opp att det gamle nauset som no står ope for alle til å søkja ly i. I Grindanesvikjo står det gule "Vinjehuset" og den raude "Professorhytta".



GIENNGRØDDE STIAR

Romsaøyane i Sunnhordland



Tegnforklaring

- U = Utkikspunkt
- T = Toalett
- B = Bryggje
- I = Informasjonstavle
- G = Grillhus
- Merka tursti
- Grense naturreservat
- Hus / naust

Statskog
er grunneigar, forvaltar skogen og støtter opp om friluftsarbeidet

Friluftsrådet VEST
forvaltar Romsaøyane som friluftsområde

- FORVALTNING - ANSVAR PÅ ROMSA**
- Friluftsrådet VEST har hovedansvaret for forvaltninga av Romsa som friluftsområde.
 - Friluftsrådet VEST leiger ut Vinjehuset i samråd med Statskog.
 - Statskog er grunneigar, har ansvaret for skogen og gir tilskot til friluftstiltak.
 - Fylkesmannen i Rogaland har ansvaret for naturreservatet (Kristtorskogen).
 - Ølen båtlag forvaltar huset på Herøy.
 - Kystlaget Romsa forvaltar Haukelandstunet
 - Bjoa Båtlag forvaltar Professorhytta for Statskog

Du kan finne fleire opplysningar ved å søkje på desse nettsidene:
www.friluftsradetvest.no
www.statskog.no
www.fylkesmannen.no
www.bjoanett.no
www.vindafjord.kommune.no

Friluftsrådet VEST er eit interkommunalt organ danna av kommunane Vindafjord, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sauda, Bokn, Sveio, Etne, Stord, Fitjar, Kvinnherad og Bømlo. Friluftsrådet arbeider for å ivareta friluftssaker og har driftsansvar for meir enn 75 regionale friluftsområde. Vi driv og med utleige av friluftstutstyr, naturrettleiing for elevar og kurs for tilsette i skuleverk og barnehagar. Friluftsrådet VEST, pb. 63, 5575 AKSDAL
post@friluftsradetvest.no Tlf: 52 77 48 30

VESTKYSTPARKEN er ei felles drifts- og oppsynsordning for sjønære friluftsområde på Vestlandet. Friluftsråda på Vestlandet har driftsansvaret for områda og drifter områda med uniformert mannskap og båtar i Skjærgårdstenesten.

www.vestkystparken.no



SKJÆRGÅRDSTENESTEN PÅ ROMSA